



**drepte
og hardt
skadde**



TRYGG TRAFIKK

Lars Hillesgate 22
5020 Bergen
Postboks 7900
NO-5020 Bergen
Tlf: +47 41 20 61 32
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Masfjorden kommune som medlem i Trygg Trafikk

Trygg Trafikk er ein ideell organisasjon som samarbeider tett med dei ulike forvaltningsnivåa, både stat, fylkeskommunar og kommunar. Føremålet vårt er å arbeida for best mogleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper, med eit særskilt ansvar for barn og unge. Både landsomfattande organisasjonar, institusjonar, foreiningar, lag, verksemdar, kommunar og fylkeskommunar kan bli medlemmer i Trygg Trafikk.

Trafikktryggleik er viktig for alle, både høg og låg, og noko som engasjerer breitt. Sikre skuleveggar, arbeidsveggar og trygge nærmiljø er viktig for at folk skal trivast i kommunen. Vi legg difor vekt på lokale tiltak som trafikkopplæring, kampanjar og rettleiing, samt påverknadsarbeid mot sentrale mynde.

Viktige tilbod vi tilbyr til kommunane:

- Bistand til kommunar som utarbeider trafikk sikringsplanar
- Råd og rettleiing til foreiningar, lag og nærmiljøaksjonar som på ulike vis ynskjer å bidra til betre trafikktryggleik
- Kurs til barnehagetilsette og lærarar om trafikkopplæring av barn
- Kurs til helsestasjonar om sikring av barn i bil
- HMS-kurs kring trafikk for kommunalt tilsette etter ynskje
- Kursar barnehagelærarstudentar og grunnskulelærarstudentar
- Nyheitsbrev til alle medlemmer om aktuelle saker kring trafikktryggleik
- Gratis læringsressursar til barnehagar, skular og helsestasjonar
- Godkjenningordninga Trafikksikker kommune
- Rettleiing kring etablering av Hjartesoner kring skular



**drepte
og hardt
skadde**



Bli medlem

Årleg medlemskontingent er kr 2500. For å lukkast treng vi kommunar, organisasjonar og verksemdar med på laget. Vi vonar kommunen vil støtte arbeidet vårt. Saman bidreg vi til betre trafikktryggleik. Innmelding i Trygg Trafikk kan gjerast her <https://www.tryggtrafikk.no/om/bli-medlem/>

eller sende ein epost til ein av oss i Trygg Trafikk Vestland.

Ta gjerne kontakt med oss om de har spørsmål eller ynskjer rettleiing kring noko av det vi skildrar ovanfor i arbeidet dykkar.

Med venleg helsing
Trygg Trafikk

Knut Olav Nestås
Regionleiar Vestland
Tlf. 41206132
nestas@tryggtrafikk.no

Audun Heggstad
Spesialrådgjevar
Tlf. 95237438
heggstad@tryggtrafikk.no